

UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

Reglar:

Regattaen er underlagt reglane slik dei er definert i:
Kappseglingsreglane for 2017 – 2020
NSF's nasjonale forskrifter
NSF's sikkerheitsbestemmelser for Tur og havseglarar

Dersom det er konflikt mellom innbyding/kunngjering og seglingsbestemmelsane, skal seglingsbestemmelsane gjelde.

Påmelding:

Båtar skal være lovleg påmeldt innan torsdag 3. oktober kl. 22:00.
For å være lovleg påmeldt skal:


- Påmelding på Seilmagasinet sine sider må vere godkjent.
- Båten ha gyldig NOR- rating målebrev pr. 3. oktober kl. 22:00
- Det må føreligge korrekt mannskapsliste.

Båtar utan gyldig målebrev blir automatisk satt i NOR-rating TUR

Beskjeder til deltakarane:

Beskjeder til deltakarane vil bli lagt ut på framsida av regattaens heimeside:
<https://www.sailracesystem.no/regatta?regatta=3306>

Vidare blir same beskjed slått opp ved inngangen (vindauge) til Regattakontoret som er lagt til ABB bygget ved gjestehamna (inngang frå sjøsida).
Regattakontor er åpent på fredag kl 20-23 (på Sykkel og Kaffi; Torgbakken 7, 5417 Stord), og på lørdag kl 9-11 (ABB).



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

Endringar i seglingsbestemmelsane:

Eventuelle endringar i seglingsbestemmelsane vil også bli slått opp ved inngangen ABB bygget (regattakontoret), før klokka 11:00 same dag dei trer i kraft, og varslast med signalflagg L heist ved inngangsdøra til ABB bygget (regattakontoret) oppslagstavla. Endringar i tidsprogrammet for kappseglassen som vil bli slått opp same stad før klokken 20:00 dagen før dei trer i kraft.

Signaler på land:

Signaler på land vil bli gitt ved "Storrdøra" på moloen i Leirvik Hamn.

Tidsprogram:

Alle klassane startar samstundes, laurdag 5. oktober klokka 12:00, (1. varselsignal i startprosedyren vert klokka 11:55).

Løpet:

Det er i år lagt opp til 3 alternative løp. Vindforholda rett før start avgjer kva løp som vert valt og vil bli signalisert med skilt som viser 1, 2 eller 3, dette vert seinast satt opp ved 1. varselsignal.

Løp 1 (Ca. 16 nmil):




Startar viser skilt med «1» – seinast ved 1. varselsignalet.

Løpet segles slik:

START,

- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,
- Hillekalven om styrbord,
- Fluholmene om styrbord,
- Terneskeret om styrbord
- Søre Illholmen om styrbord,
- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,

MÅL



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

Løp 2 (ca 7 nmil):

Startar viser skilt med «2» - senast ved 1. varselsignalet.

Løpet segles slik:

START,

- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,
- Hillekalven om styrbord,
- Passholmen om styrbord,
- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,

MÅL

Løp 3 (ca 11 nmil):

Startar viser skilt med «3» - senast ved 1. varselsignalet.

Løpet segles slik:



START,

- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,
- Hillekalven om styrbord,
- Passholmen om styrbord,
- Gul Bøye ved Tittelsnesflua om styrbord,
- Mellom Ytstøy og Sponaholmen lykt,

MÅL

NB! Ver merksam på at det kan være grunt farvatn i nærheita av og rundt oppgitte merker. Du oppmodast derfor til å studere aktuelt sjøkart grundig.

Sjå vedlagte baneteikningar



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

Merker:

Det segles på faste merker/gule bøyar, start og mållinja ved molo i Leirvik vil være to gule bøyar.

Starten:

Start klokken 12:00 (1. varselsignal kl. 11:55).
Signaler for start vil bli gitt ved Storddøra, ytst på moloen
Startprosedyre etter Kappseglingsreglene §26.

Startlinje:

Startlinja er definert som den rette linja mellom to gule bøyer

Mållinje:



Mållinja er den same som startlinja.

Avkorting:

Avkorting kan bli gjort på alle merker etter Kappseglingsreglene §32. Mållinje ved avkorting vil være mellom komité båt og næraste merke.

Reklame:

Arrangøren føreheld seg retten til sponsorreklame, og NSF's reklameregler gjelder.



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

Mannskapsliste:

Av sikkerhetsmessige årsaker skal fullstendig mannskapsliste vere oppdatert i påmeldinga på Seilmagasinet.no eller levert regattakontoret før kl. 11.00 før start!




Båtar som ikkje har ført opp mannskapsliste er ikkje riktig påmeldt og er dermed ikkje startberettiga.

Klasser, signalflagg:

Det segles i følgjande klassar:

- NOR- rating t.o.m 0,920
- NOR- rating 0,921- 0,999
- NOR- rating over 1,000
- NOR- rating Shorthanded
- NOR- rating Utan spinnaker
- TUR- klasse

Arrangøren kan slå saman klassar avhengig av antall påmeldte båtar



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

Klasseflagg D gjeld for alle klassane.

Dersom klasseinndelinga vert urimeleg/ skeivfordelt ifht påmeldte båtar, kan regattaleiinga foreta endringar i klasseinndelinga for å betre på dette.

Seglasen segles i henhold til norske NOR- rating reglar og det nyttas resultatberekning **TID PÅ TID**.

Sikkerheitskategori:

Kategori 6, det skal være en (1) mobiltelefon om bord.

Alle båtar skal oppgi mobiltelefonnummer på mannskapslista.

Utstyr og måle kontroller:

Ein båt eller utstyr kan bli kontrollert for uoverensstemmelsar med klasseregler og seglingsbestemmelser.

Maksimaltid:

Båtar som ikkje har passert mållinja kl. 18.00 reknast som DNF

Broten seglas:


Båtar som har brote seglasen skal straks underrette arrangøren om dette via SMS på Mob:

906 82 105 Inge Skaar (regattasjef)

Protester:

Protester skal leverast regattakontoret utan unødvendig opphald og seinast 30 min etter siste båts målgang.

VHF / Sikkerheit:



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

VHF kanal 77 skal nyttas som meldings kanal samen med kanal 16 for naudmeldingar. Så lenge regattaen varer lyttar regattaleiinga på disse kanalane.

Ansvarsfråskrivning:

Stord Seilforening har som arrangør ikkje ansvar for uhell eller skader av nokon art som måtte skje på båtar og/eller mannskap. Kvar deltakar skal ha gyldig ansvarsforsikring på egen båt.


Premier:

1. Årets hovedpremie er ein gennaker eller spinnaker, tilpassa din båt, levert av UK Sailmakers!
Alle båtar (også TUR-klassen) som deltar med kvinneleg mannskap (minst 1 jente/dame ombord under regattaen) og er representert under festen på Stord Hotell lørdag kveld, har ein sjanse for å bli kåra til vinner.
UK Sailmakers /v Mehmet Taylan vil sjølv bestemme kven som fortjener den gjeve premien.
2. Det vert ellers delt ut premier til 1/3 av dei raskaste båtane i kvar klasse (maksimalt tre premiar pr. klasse).
3. Beste båt NOR-rating (Overall vinner) vil få vandrepokal.
4. Det er egen premiering for beste start.
5. Det vert også premiering for vinner av TUR-klassen.

Premieutdeling vil bli på *Windjammer Race* festen ca. kl. 21.30 same dag.
(Festen begynner kl. 19.30, på Stord Hotell. Mat servering frå kl:20.00)

Hugs at billett til festen MÅ kjøpast på regattakontoret mellom kl. 09-11 laurdag formiddag!

Det oppmodast til å delta i fotokonkurransen under UK Sailmakers Windjammer Race 2019 kor ein kan vinna ein flott premie! Last opp bilete på FB/Instagram og tag med #stordseilforening #windjammer19



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

GOD SEILAS !

*Regattastyret i Stord
Seilforening*



 **SELDÉN**


HARKEN





WÄRTSILÄ




www.ottesen-foto.com




 Print og Ramme



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser




BANESKISSE Løp "1": Ca. 16 nm



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

BANESKISSE Løp "2": Ca. 7 nm



UK Sailmakers Windjammer Race 2019

Seilingsbestemmelser

BANESKISSE Løp "3": Ca. 11 nm

